

Møteprotokoll

Utval: Formannskap
Møtestad: Biblioteket Skakke
Dato: 24.03.2026
Tid: Kl. 13:00 - 17:00

Følgande medlemmer møtte Parti

Andreas Grumheden	AP
Kenneth Lyng Karlsen	FRP
Åge Madsgård	FRP
Siri Lundal Hustveit	H
Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim	SP
Sjur Aakra	SP

Forfall	Parti
Øyvind Kaldheim	KRF

Varamedlemmer	Parti
Arild Stenberg	H

Møteleiar: Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim

Merknader til innkallinga: Ingen

Merknader til sakslista: Ingen

Til å skriva under møteboka saman med leiaren vart valde: Siri Lundal Hustveit (H) og Andreas Grumheden (Ap)

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
010/26	Samlesak for orienteringar
011/26	Samarbeidsavtale mellom Etne kommune og IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap
012/26	Høyland Kraftverk - avtale om leige av fallrettane i Høylandselva.
013/26	1. gongs handsaming av kommuneplanen sin samfunnsdel for Etne kommune 2026-2036
014/26	Prioritering av spelemiddelsøknader til kulturbygg i Etne kommune
015/26	Etne kommune - Høyringsuttale Kommunekommisjonen NOU 1
016/26	Formannskapet sin pott - Formannskap 24.03.2026

010/26 Samlesak for orienteringar

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Orienteringa vert tatt til vitande.

24.03.2026 Formannskap

Behandling

F - 010/26 Vedtak

Samrøystes

Orienteringa vert tatt til vitande.

011/26 Samarbeidsavtale mellom Etne kommune og IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefellesskap

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Etne kommune vedtar å gå inn som deltakar i IKT Norhordland kommunalt oppgåvefellesskap.
2. Etne kommune vedtar samarbeidsavtalen for IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefellesskap slik den ligg føre.

24.03.2026 Formannskap

Behandling

F - 011/26 Vedtak

Tilråding frå formannskap

Samrøsytes

1. Etne kommune vedtar å gå inn som deltakar i IKT Norhordland kommunalt oppgåvefellesskap.
2. Etne kommune vedtar samarbeidsavtalen for IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefellesskap slik den ligg føre.

012/26 Høyland Kraftverk - avtale om leige av fallrettane i Høylandselva.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Avtale om leige av fallrettar i Høylandselva til kraftproduksjon mellom Etne kommune og Høyland Kraftverk AS (SUS) blir vedteke slik han ligg føre.

Ordføraren får fullmakt til å signere avtalen på vegne av Etne kommune.

24.03.2026 Formannskap

Behandling

Med heimel i kommunelova § 11-5 vert møtet lukka under handsaming av pkt. 8 i avtalen. Journalist frå Grannar, Grethe Hopland Ravn, kan vera tilstades i møtet med referatforbod under handsaming av puktet.

F - 012/26 Vedtak

Tilråding frå formannskap

Samrøsyses

Avtale om leige av fallrettar i Høylandselva til kraftproduksjon mellom Etne kommune og Høyland Kraftverk AS (SUS) blir vedteke slik han ligg føre.

Ordføraren får fullmakt til å signere avtalen på vegne av Etne kommune.

013/26 1. gongs handsaming av kommuneplanen sin samfunnsdel for Etne kommune 2026-2036

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet vedtar å leggje ny samfunnsdel for Etne kommune ut på høyring og offentleg ettersyn i minimum 6 veker, jf. plan- og bygningslova § 11-14.

Administrasjonen får fullmakt til å gjera mindre, uprinsipielle justeringar ved behov.

Vedtak som innstilling frå Eldreråd, 23.03.2026 - 008/26

Uttale frå Eldreråd

Samrøystes

Rådet seier seg samd med kommunedirektøren sin konklusjon.

Vedtak som innstilling frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, 23.03.2026 - 010/26

Uttale frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Samrøystes

Rådet seier seg samd med kommunedirektøren sin konklusjon.

Vedtak som innstilling frå Ungdomsråd, 23.03.2026 - 007/26

Uttale frå Ungdomsrådet:

Samrøystes

Ungdomsrådet seier seg samd i kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

23.03.2026 Eldreråd

Behandling

ER - 008/26 Vedtak

Uttale frå Eldreråd

Samrøystes

Rådet seier seg samd med kommunedirektøren sin konklusjon.

23.03.2026 Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Behandling

RF - 010/26 Vedtak

Uttale frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Samrøystes

Rådet seier seg samd med kommunedirektøren sin konklusjon.

24.03.2026 Formannskap

Behandling

Tilleggsforslag - Tilleggsframlegg frå Kenneth Karlsen (Etne FrP), foreslått av Kenneth Lyng Karlsen, Framstegspartiet

Formannskapet ber også om at følgjande vert tekne inn som merknadar til planarbeidet og følgde opp med konkrete tekstendringar i det endelege planutkastet før det blir sendt ut på høyring:

Side 2 – Avsnitt «Saman om retning og prioriteringar», siste setning:

Formuleringa «tverrpolitisk lojalitet til å stå ved desse» vert teken ut av planen og erstatta med: «...og ein vilje til å gjera klare, modige val til det beste for innbyggjarane.»

Side 4 – Avsnitt «FN sine berækraftsmål», siste setning:

Formuleringa vert endra frå «Berækraftsmåla skal vera ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga» til: «Berækraftsmåla kan nyttast som inspirasjon i planarbeidet, men kommunen sine eigne prioriteringar og lokale behov legg det avgjerande grunnlaget for planlegginga.»

Side 4 – Boks «Demografiske endringar», etter siste avsnitt:

Følgjande setning vert lagt til: «Kommunen sine kjerneoppgåver innan helse, omsorg og oppvekst skal alltid prioriterast framfor frivillige tilleggstenester og nye satsingsprosjekt.»

Side 5 – Avsnitt om innvandring og tilflytting:

Setninga om at innvandrarar bidreg til vekst, vert utvida til: «Innvandringa utgjer ein del av desse. For at tilflyttarar skal vera ein ressurs for kommunen, er det avgjerande at integreringa lukkast, og at

tilflyttarar kjem i arbeid og vert sjølvforsørgra. Kommunen må leggja realistiske rammer for kor mange nye innbyggjarar tenestene og bustadmarknaden kan ta imot samstundes.»

Side 5 – «Demografiske utfordringar», etter avsnittet om kjerneoppgåver:

Følgjande avsnitt vert lagt til: «Kommunen skal aktivt vurdere kva oppgåver som kan løysast meir kostnadseffektivt gjennom interkommunalt samarbeid, private leverandørar eller ved å overføre ansvar til innbyggjarar og frivillige.»

Side 6 – «Aktive og gode kvardagsliv», kulepunkt 1 under «For å bidra til god helse i alle livsfasar»:

Kulepunktet vert utvida med: «... – fortrinnsvis gjennom støtte til frivillige lag og organisasjonar framfor kommunal eigendrift.»

Side 6 – «Aktive og gode kvardagsliv», under «For å førebu oss på framtida»:

Følgjande kulepunkt vert lagt til: «Gjennomgå organiseringa av tenestene med mål om å redusere administrasjonskostnader og styrkje bemanninga i dei tenestene innbyggjarane er direkte avhengige av.»

Side 7 – «Den gode møteplassen», kulepunkt 1 under «For å bidra til bu-lyst og bli-lyst»:

Kulepunktet vert utvida til: «Være ein open, tilgjengeleg og løysingsorientert kommune for næringslivet – med kortare saksbehandlingstid, færre dispensasjonskrav og føreseielege prosessar som gjer det attraktivt å etablera og driva verksemd i Etne.»

Side 7 – «Den gode møteplassen», nytt kulepunkt under «For å bidra til bu-lyst og bli-lyst»:

Følgjande kulepunkt vert lagt til: «Sikre at reguleringar og byggesaksbehandling ikkje utgjer unødige hindringar for utbygging av bustader, næringsbygg og fritidseigedomar.»

Side 8 – «Berækraftig og klimarobust», avsnitt om naturmangfald, siste setning:

Setninga «...og ikkje berre i den grad han tener menneska» vert teken ut. Avsnittet vert erstatta med: «Etne kommune vil ta vare på natur og naturmangfald der dette kan gjerast utan vesentlege ulemper for innbyggjarar og næringsliv, og vil balansere naturomsynet mot behovet for bustadbygging, landbruk og næringsutvikling.»

Side 8 – «Berækraftig og klimarobust», kulepunktet under «For å møte klimaendringane»

Det eine kulepunktet vert delt i to: (1)«Være klimarobuste gjennom tilpassing til klimaendringar – særleg flaumvern, beredskap og trygg arealbruk.» (2) «Arbeida for reduserte utslepp der dette er kostnadseffektivt og ikkje går ut over tenestekvalitet eller kommunen sin økonomiske handlefridom.»

Side 9 – Punkt 1 «Gjere mindre av oppgåver som ikkje er lovpålagde», etter siste avsnitt:

Følgjande setning vert lagt til: «Kommunen skal kvart år gjennomgå kva tenester som vert tilbodne utover lovkrav, og vurdere om desse bør reduserast, overførast til frivillige eller avviklast.»

Side 10 – Faktaboks «Fritidskortet»:

Aldersgruppa vert endra frå «mellom 11 og 15 år» til «mellom 6 og 15 år».

Tilleggsforslag - Tilleggsframlegg frå Kenneth Karlsen (Etne FrP), foreslått av Kenneth Lyng Karlsen, Framstegspartiet

14. Side 7 – «Den gode møteplassen», avsnitt 1 om næringslivet – etter «ha god dialog med næringslivet om areal»:

Setninga «ha god dialog med næringslivet om areal, infrastruktur, rekruttering og kompetanse» vert utvida til: «ha god dialog med næringslivet om areal, og leggja til rette for aktiv og fleksibel arealbruk der samfunnsnytte, verdiskaping og arbeidsplassar skal vektleggjast tungt.»

15. Side 7 – «Den gode møteplassen», kulepunkt 3 under «For å bidra til bu-lyst og bli-lyst»:

Kulepunktet «Sikra attraktive nærmiljø og gode møteplassar som stimulerer til sosialt samvær og fysisk aktivitet» vert erstatta med: «Sikra attraktive nærmiljø og gode møteplassar, samstundes som ein opnar for utvikling og tilrettelegging der dette styrkar busetjing, næring og lokal verdiskaping.»

16. Side 7 – «Den gode møteplassen», kulepunkt 4 under «For å bidra til bu-lyst og bli-lyst»:

Kulepunkt 4 vert endra frå «Sikra gode tilgjengelege friområde som innbyr til aktive kvardagsliv» til: «Sikra gode og tilgjengelege friområde, samstundes som det skal vera mogleg å gjera nødvendige inngrep i natur og vassområde når dette gir tydeleg samfunnsnytte, verdiskaping eller styrkar lokal attraktivitet.»

17. Side 7 – «Den gode møteplassen», nytt kulepunkt nummer 2, under «For å førebu oss på framtida»:

«Ved avveging mellom vern og utvikling skal tiltak med dokumentert samfunnsnytte, arbeidsplassar og busetjing vektleggjast tungt.»

Omforeint forslag

Saka vert sendt tilbake til Stryingsgruppe for kommuneplanarbeid.

Røysting

Det omforeinte forslaget samrøystes vedteke.

F - 013/26 Vedtak

Samrøystes

Saka vert sendt tilbake til Styringsgruppe for kommuneplanarbeid.

014/26 Prioritering av spelemiddelsøknader til kulturbygg i Etne kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek prioritering av spelemiddelsøknader til kulturbygg slik dei ligg føre.

<i>Søklar</i>	<i>Prosjekt</i>	<i>Kostnad eks mva og dugnad</i>	<i>Omsøkt tilskot</i>	<i>Søkte første gong</i>	<i>Prioritet</i>
Skakke SA, Etne	Ombygging kjøken i gammal del av bygget	18 416 000	750 000 (tildelt 750' i 2025)	2022	1
Skånevik kultur og idrettshall SA, Skånevik	Ombygging kjøken og delar av kafe	1 183 000	394 000	2025	2

Olav Vik stiftelsen, Etne	Nybygg av friluftsamfi	2 633 000	877 000	2026	3
---------------------------	------------------------	-----------	---------	------	---

24.03.2026 Formannskap

Behandling

F - 014/26 Vedtak

Tilråding frå formannskap

Samrøyses

Kommunestyret vedtek prioritering av spelemiddelsøknader til kulturbygg slik dei ligg føre.

<i>Søkjjar</i>	<i>Prosjekt</i>	<i>Kostnad eks mva og dugnad</i>	<i>Omsøkt tilskot</i>	<i>Søkte første gong</i>	<i>Prioritet</i>
Skakke SA, Etne	Ombygging kjøken i gammal del av bygget	18 416 000	750 000 (tildelt 750' i 2025)	2022	1
Skånevik kultur og idrettshall SA, Skånevik	Ombygging kjøken og delar av kafe	1 183 000	394 000	2025	2
Olav Vik stiftelsen, Etne	Nybygg av friluftsamfi	2 633 000	877 000	2026	3

015/26 Etne kommune - Høyringsuttale Kommunekommisjonen NOU 1

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek at kommune gjev følgjande politiske høyringsfråsegn til NOU 2026: 1 En bærekraftig kommunesektor

24.03.2026 Formannskap

Behandling

Endringsforslag - Endringsforslag frå Etne AP, foreslått av Andreas Grumheden, Arbeiderpartiet
Formannskapet ber kommunedirektøren legge til følgande til høyringsuttalen:

Kommunestyret i Etne meiner det er viktig at det frå statleg hold sikrast ei vidareføring av minstenorm for lærartettleik på skulenivå. Kommunen støttar ikkje å leggja lærarnorma til kommunalt nivå.

Lærarnorma sikrar ei føreseieleg minstebemanning som er viktig for å kunne planleggje og gjennomføre undervisninga på ein forsvarleg måte. Ved å endre lærarnorma til kommunalt nivå risikerer ein auka forskjellar mellom skular.

Kommunestyret anerkjenner at det er rekrutteringsvanskar innanfor oppvekstsektoren, men ein situasjon med lågare bemanning og større klassar vil ikkje gjere rekrutteringa enklare. Auka fleksibilitet i kommunen må løysast gjennom ein styrka kommuneøkonomi, ikkje gjennom å gjera det mogleg å prioritera lågare bemanning i skulen.

Røysting

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

Endringsforslag frå Ap fall med 1 røyst (Ap) mot 6 røyster (H(2), Frp(2) og Sp(2)).

F - 015/26 Vedtak

Tilråding frå formannskap

Samrøsytes

Kommunestyret vedtek at kommune gjev følgjande politiske høyringsfråsegn til NOU 2026: 1 En bærekraftig kommunesektor

016/26 Formannskapet sin pott - Formannskap 24.03.2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

24.03.2026 Formannskap

Behandling

Forslag - Forslag frå Sp, foreslått av Sjur Aakra, Senterpartiet

Formannskapet løyver støtte til desse innkomne søknadane med inndecking frå formannskapet sin disposisjonskonto:

1 10.klasse Enge skule,støtte til klasseset, kr 11.400,-

2. Støtte til foredraget Beredskapshagen, kr 8.000,-

3.Etne Båtlag,støtte til fallunderlag for lekeapparat i båthavna og fraktkostnad, kr 50.000,-

Forslaget vart trekt.

Forslag - Framlegg frå Kenneth Karlsen (Etne FrP), foreslått av Kenneth Lyng Karlsen, Framstegspartiet

Formannskapet løyver følgjande tilskot frå disposisjonskontoen:

1. Etne Båtlag vert tildelt kr 50 000 i tilskot til fallunderlag og frakt av lekeapparat i strandsoneprojektet i båthavna. Tilskotet vert utbetalt til konto 3207 42 37710.

2. Etne Hagelag vert tildelt kr **8 000** i tilskot til gjennomføring av foredraget «Beredskapshagen» med Barbro og Anders Norum på Skakke. Tiltaket er i tråd med kommunen sitt fokus på eigenberedskap i befolkninga.

3. 10. trinn ved Enge skule vert tildelt kr **10 000** i tilskot til avslutningstur. Tilskotet er heimla i retningslinjene for formannskapspotten, der klassetur for 10. klasse er eksplisitt nemnt som støtteformål.

Forslaget vart trekt.

Forslag - Omforeint forslag, foreslått av Sjur Aakra, Senterpartiet
Formannskapet løyver støtte til desse innkomne søknadane med inndekning frå formannskapet sin disposisjonskonto:

1 10.klasse Enge skule,støtte til klassetur, kr 11.400,-

2. Støtte til foredraget Beredskapshagen, kr 8.000,-

3.Etne Båtlag,støtte til fallunderlag for lekeapparat i båthavna og fraktkostnad, kr 40.000,-

Andreas Grumheden (Ap) bad om å få vurdert habiliteten sin.

Røysting habilitet

Samrøystes inhabil.

Røysting

Det omforeinte forslaget samrøystes vedteke.

F - 016/26 Vedtak

Samrøystes

Formannskapet løyver støtte til desse innkomne søknadane med inndekning frå formannskapet sin disposisjonskonto:

1 10.klasse Enge skule,støtte til klassetur, kr 11.400,-

2. Støtte til foredraget Beredskapshagen, kr 8.000,-

3. Etne Båtlag,støtte til fallunderlag for lekeapparat i båthavna og fraktkostnad, kr 40.000,-